



REFERAT SOKNERÅDSMØTE 12.06.2025

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 12.06.2025
Tid: Kl. 19.30 - 21.00 (etter årsmøte som startar kl.
18.00)
Ord for dagen: Anne Kristin Skår

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Leiar	V
Anne Marie Røed	Nestleiar	V
Tom Rydland	Medlem	X
Anne Kristin Skår	Medlem	V
Håkon Rydland Sæbø	Medlem	V
Mette Elisabeth Lambach	Medlem	V
Lilli Anne Drønen Jæger	Medlem	V
Kari Raunholm	Medlem	V
Olav J. Oma	Sokneprest	V
Gisle Levåg	Kommunal representant	X
Kopi til varamedlemer		

Ingen varamedlemmer møtte

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2025/44	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X

2025-06-
12

2025/45	012.1	Godkjenning av referat frå sist møte	X
2025/46		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkja	X
2025/47		Rekneskap og revisjonsmelding for 2024	X
2025/48		Ungdomsarbeidet i Fitjar kyrkje	
2025/49		Nye medlemer til diakoninemnda	
2025/50		Rekruttering av ny klokkar og kyrkjetenar	X
2025/51		Møteplan for 2. halvår 2025	X
2025/52		Meldingar	X
2025/53		Oppsummering etter årsmøte	X
2025/54		Open post	X

Vedlegg

Det er ikkje vedlegg til innkallinga denne gongen

Sak 2025/44 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2025/45 012.1 Referat frå sist møte

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 22.05.2025 utan merknader

Sak 2025/46 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

Soknepresten legg fram ei kort orientering om det som har hendt i kyrkjelyden, planar framover og andre aktuelle tema som er kommen til sidan sist møte.

Ikkje så lenge sidan sist møte men mange ting har skjedd i kyrkja sin regi.

Sidan sist har det vore vennestemne på bedehuset med godt oppmøte både på formiddags- og ettermiddagsmøte.

Opplegg med "Båten" i Breiavikjo for 4. og 5. klassingar. Dei trakk garn, fekk mykje fisk og det var eit svært vellukka opplegg. 15 born var påmeldt og var med. Mange vaksne deltok og inkludert ungdommer som fekk leiartrening.

Pinse blei feira i kyrkja, med gudsteneste ved gapahuken 2. pinsedag. Godt oppmøte der og på ca 100 stk.

Diakonitur til Flor og fjære med full buss, og ein svært vellukka tur.

Innskriving av nye konfirmanter har og funne stad. Det er til no påmeldt 28 stk.

Olav og Randi har vore på infomøte med Rolf Atle Rolfsnes om ungdoms-alpha kurs

Harald orienterte og ferieavviklinga på kyrkjekontoret, og kortid vikarane på kyrkjegarden skal arbeide

Medlemmenr av Diakoninemnda går kvar sine veker på kyrkjegarden med tilbud om kaffi til dei som er innom den dagen dei er der. Ca 1 x i veka, når været er bra

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2025/47 Rekneskap og revisjonsmelding for 2024

Soknerådet hadde rekneskapen for 2024 opp som sak på møte den 20. mars. Der slutta rådet seg til rekneskapen og vedtok å senda det over til revisor. Det har vore tett dialog mellom administrasjonen og revisor for å sikra at revisjonen vert gjort på ein grundig måte. I denne fasen av arbeidet er det

gjort ei endring i periodiseringa for ein inntektspost, noko som gjer at me brukar mindre av disposisjonsfondet enn det som tidlegare var rekna med.

Meldinga frå revisor føreligg ikkje enno, men Harald R har orientert om at han vil ha den opp på dette siste møtet før sommaren. Han ettersender meldinga og oppdatert rekneskap så snart det ligg føre.

Revisjonsmeldinga er no klar, og viser at den er i samsvar med rekneskapslova sine reglar og inneheld dei opplysningane som er lovpålagte

Vedtak

Soknerådet godkjenner den reviderte rekneskapen og tek revisjonsmeldinga til vitande.

Sak 2025/48 Ungdomsarbeidet i Fitjar kyrkje

Soknerådet signaliserte på førre møte at dei ynskte å setja av litt tid for ei breiare drøfting av ungdomsarbeid i Fitjar kyrkjelyd. Arbeidsutvalet har hatt ein samtale om temaet i samband med førebuinga til dette møtet. Kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre var med i samtalen. Noko av det som kjem fram i referatet er fylgjande:

- *Randi informerer om at trusopplæringsplanen har fått ein ny generell første del, men manglar andre delen.*
- *Ungdomsarbeid. Vi har eit godt ungdomsarbeid, Tentreff er eit tilbod som når svært mange. Vi har og eit godt konfirmantarbeid som er ein viktig del av ungdomsarbeidet vårt.*
- *"Vidare" - har og teke seg opp, med eit stabilt frammøte på 12-15 ungdomar. Det har og vore borti -i alle fall- eit 20 tal.*
- *Der er noko som er på gang eit punkttiltak for fleire årskull, noko som vert kalla "The send". Randi spelar inn at skal vi vera med, må vi få vera med frå starten og setta vårt preg på det som skal skje. Håkon har vore med frå Fitjar. Spesialprest Runar Larsen er med (?) frå kyrkja på Stord. (Randi/Olav snakkar med Runar) **Håkon orienterer om at det er planlagt ein festival på Stord september 2026. Her er det fleire menigheter som samarbeider. Målet er å oppleve fellesskap. Gjerne gjennom aktivitetar som ein har i KRIK. Men om ein ikkje blir enig i formålet og gjennomføring av ein festival, ønsker ikkje kyrkja å delta.***
- *Vi arbeider med å nå ut til kulla/kommunikasjon. **Korleis nå fleire for å få auka deltaking på kyrkja sine aktivitetar***
- *Alphakurs for ungdom?*
- *Det er ikkje kapasitet til å starta nytt utfrå staben*
- *Konfirmantleir? **Planen er å reisa på festival på Norheim***

Vedtak

1. Soknerådet sluttar seg til det AU har lagt fram om status og tankar for kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid framover
2. Soknerådet vil ha eiga sak for å avgjera om Fitjar Kyrkje skal engasjera seg i " The send" på Stord.

Sak 2025/49 Nye medlemar til diakoninemnda

På førre møte fekk soknerådet informasjon om at tre av medlemane i diakoninemnda vil trekkja seg, og at det difor må rekrutterast nye. Det er soknerådet som skal oppnemna medlemmer til diakoninemnda. Kari Raunholm og Olav J. Oma fekk i oppdrag å finna kandidatar som kan tenkja seg å gjera ein innsats i diakoninemnda.

Fleire er spurt og nokre har sagt ja, men endeleg innstilling er ikkje klar og vil verta lagt fram i møte.

Vedtak:

Innstilt som nytt medlemer i diakoninemnda : Frøydis Almås
Siste medlem blir klart til neste sokneråd . AU får fullmakt til å oppnemna den personen.

Sak 2025/50 Rekruttering av ny klokke og kyrkjetenar

Frå hausten treng me ny klokke og kyrkjetenar til erstatning for Kjetil Andreas Gloppen som skal flytta for å gå på vidaregåande skule, og Henrik Træet som har starta i ny jobb på Hitra. Det er positivt for arbeidet i kyrkjelyden at det er unge medarbeidarar som tek del i gudstenesta. Difor kan det vera naturleg å prøva å få tak i nye ungdommar til å gå inn i desse rollane. Det har vore vanleg gjennom mange år at dei unge vert løna for denne tenesta.

Ved å lysa ut stillingane i kyrkjebladet og på heimesida håpar me at nokre melder sin interesse. Det bør presiserast i utlysinga at me søker etter unge medarbeidarar, og at omfanget av arbeid er om lag ei helg i månanden.

Vedtak:

Soknerådet gjev kyrkjevevja fullmakt til å tilsetja og inngå arbeidsavtale med ny klokke og kyrkjetenar frå hausten 2025. Rådet føreset at tilsetjinga vert gjort etter samråd med soknepresten.

Sak 2025/51 Møteplan for 2. halvår 2025

Det kan vera greitt om soknerådet set opp ein møteplan for andre halvår før sommarferien tek til. Då kan medlemmane komma med framlegg og sei i frå for å unngå kollisjonar med andre arrangement. Dersom soknerådet ikkje har andre ynskje kan det vera greitt å halda på torsdagen som møtedag og møtetid kl. 18.30 -21.00.

Datoane kan setjast opp i møtet

Vedtak:

Første møtet etter ferien blei sett opp den 11/9 kl 1830

Resten av møtedatoane blir sett seinare, men ein held på torsdag som møtedag og tidspkt. for møta som tidlegare, 18.30 - 21.00

Sak 2025/52 Meldingar

Under meldingar vil det verta orientert om desse sakene:

- a) Status for samarbeid med Bakken Kystbarnehage (Svein Lunde)
- b) Planarbeid for minnelund m.m. (Harald Rydland)
- c) Komite til leir på Solgry i slutten av oktober . Olav skal spør to stk til om å vera med i tillegg til Helga Rimmereid og Ragnhild Årskog

Vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande.

Sak 2025/53 Oppsummering etter årsmøte

Sidan årsmøte i kyrkjelyden vert halde rett før soknerådsmøte, kan det vera greitt om rådet tek ei kort evaluering av møtet.

Håkon ; informerte om "Salmer på pub" som vert arrangert på Kulleseidkanalen 22. juni

Vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka

Sak 2025/54 Open post

Håkon ; informerte om "Salmer på pub" som vert arrangert på Kulleseidkanalen 22. juni